

Reguleringsplan for Storrlineset del 2

Føresegner detaljregulering

PlanID 20210002

1 Føremålet med planen

Detaljreguleringsplanen gjev heimel til tiltak for nye fritidsbustader med høg sanitær standard på Storrlineset, inkludert naudsynt infrastruktur. Eksisterande tomter og infrastruktur regulerast som bygd.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Generelle krav

- a) Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).
- b) Straumforsyning skal leggjast i grøfter.
- c) Det er ikkje høve til å setje opp gjerde/hekk eller flaggstenger innanfor området.
- d) Det er høve for tomter utanfor planområdet til å knyte seg på VA-anlegget i planområdet.

2.2 Krav til funksjon

- a) Alle bueiningar i planområdet skal vere tilkopla godkjend drikkevassforsyning og avløpsanlegg. Vass- og avløpsleidingar samt overvassgrøfter/-leidingar skal utformast i samsvar med teknisk plan.
- b) Alle bueiningar/hytter innanfor FBF2, FBF3 og FBF4 skal ha tilgang til sløkkevatn i samsvar med teknisk plan.

2.3 Krav til kvalitet

- a) Uteområde skal ha gode klima- og soltilhøve. Areala lokaliserast og opparbeidast med sikte på optimal utnytting av soltilhøve og lokalklima.
- b) Alle terrenginngrep på tomtene skal utførast mest mogleg skånsamt. Inngrep i naturterreng skal avgrensast til det som er naudsynt for oppføring av bygg, parkeringsareal og tilkomst. Fylling/skjerjing skal normalt ikkje overstige 1,5 m over/under eksisterande terreng. Skjerjing/fylling ut over dette skal ein terrassere terrenget. Nytt landskap skal formast ut med utgangspunkt i eksisterande naturlege omgivnader. Skjerjing, fylling og andre ramma areal skal utformast organisk og revegeterast slik at dei er godt tilpassa omkringliggjande terreng. Unntak frå dette gjeld i føresegnsområdet #1.

2.4 Miljøkrav

- a) Renovasjonsordning for heile planområdet er lokalisert ved avkøyring frå E134, utanfor planområdet

- b) Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Det er ikkje høve til å fjerne eksisterande store furutre merka med punktsymbol *eksisterande tre som skal bevares*. Ikkje merka furutre med stammediameter på meir enn 30 cm skal ein leggje att på bakken i nærleiken av attståande furutre.
- c) Anleggsområde skal revegeterast med stadeigen vegetasjon.
- d) For grøntanlegg og område som det er stilla krav om tilsåing, skal stadeige plantemateriale i størst mogleg grad nyttast.
- e) Graving av grøfter til VA, overvasshandtering, straum eller fiber er det høve til innanfor alle føremål regulert til hovudføremåla «bygningar og anlegg» og «samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur». Utanfor desse føremåla er det høve til å grave grøfter til drikkevass- og avløpsleidningar, samt straum- og fiberkablar, innanfor omsynssover H190. Alle tiltak skal vere i samsvar med godkjent teknisk plan, sjå dokumentasjons- og rekkefølgekrav.
- f) Det skal ikkje byggast på intakt myr og våtmark, og drenering/grøfting er ikkje tillate. Det kan leggjast veg, infrastruktur, skiløyper, tursti og liknande over myr under føresetnad og den økologiske funksjonen til myra ikkje vert forringa og ein følger desse føresegnene:
 - a. Veg over myr kan berre etablerast ved bruk av armering under fylling (geonett/geoduk). Det er ikkje tillat å etablere veg ved masseutskifting eller fortrenging som metode.
 - b. Vatn- og avlaupstraséar som kryssar myr skal etablerast på ein slik måte at myras eigenskap og vassbalanse oppretthaldast. Myrmasse som fjernast ved etablering skal leggjast tilbake.
 - c. Skiløype over myr kan leggjast til rette med kavledekke.
 - d. Tursti kan leggjast på myra ved klopping eller gangbruar.
- g) Det skal i utgangspunktet nyttast stadeigne masse ved utbyggingstiltak, ved tilføring av nye jordmassar skal desse vere dokumentert fri for framande artar. Det er ikkje tillate å plante ut treslag, busker eller staudar med høg eller svært høg risikokategori. Ein skal i staden nytte stadeigne artar tilpassa dei klimatiske tilhøva.

2.5 Krav til dokumentasjon ved søknad om tiltak

Saman med søknad om rammeløyve / eitt stegs løyve for tiltak skal det sendast inn:

- a) Detaljert utomhusplan for tiltak i samband med oppføring av hytter i FBF i målestokk 1:200 som syner:
 - a. Plassering av bygningar, kotehøgder ved inngangsparti
 - b. Tilliggjande areal som skal opparbeidast i samsvar med rekkefølgeføresegner eller føresegner til det respektive føremålet som hovudtiltaket plasserast i
 - c. Uteoppfallsareal
 - d. Biloppstillingsplassar i samsvar med krav i planen
 - e. Køyretilkomstar frå regulert køyreveg
 - f. Terrengutforming og høgder, der murar synast i detalj
 - g. Materialval og overflater
 - h. Høve til universell tilgjenge og -utforming
 - i. Mellombels utforming av område som ikkje skal takast i bruk i det omsøkte byggjesteget
 - j. Inngrepsfrie soner, med mellombels sikring under anleggsperioden
 - k. Terrengsnitt med eksisterande og nytt terreng frå alle fire sidene av bygningen og tomtegrensa. I terrengsnitt teikningane skal det koma fram oppstillingsplass, tilkomst

og tomtegrenser.

- I. Snøopplag

- b) Detaljert teknisk plan for tiltak i heile planområdet for veg, vatn og avlaup, overvasshandtering (både tak-, overflate- og dreisvatn), el-forsyning, kommunikasjon, som syner:
 - a. Kabelgrøfter, fordelingsskap, transformatorar
 - b. Køyreveggar med oppbygging i snitt
 - c. Areal til snøopplag
 - d. Grøfter med vass- og avlaupsleidningar, type og dimensjon på leidning, kummar, tekniske installasjonar i samband med VA-nettet
 - e. Tiltak i grøfter mot avskjering av naturlege veggar for overvatn.
 - f. Krav til terrengutforming, fallretningar og andre terrengmessige omsyn der det er naudsynt av omsyn til overflatevasshandtering
 - g. Lokalisering og utforming for overvassanlegga (renner, kanalar, sluk, kummer, infiltrasjonsområde, fordrøyningsanlegg).
 - h. Lokalisering og utforming av utvendige brannhydrantar for FBF2 og 3 og deira forsyningsområde, med utrekna kapasitet for sløkkevatn.

2.6 Krav til dokumentasjon ved søknad om bruksløyve

Saman med søknad om ferdigattest for tiltak i planområdet skal det sendast inn innmålingsdata i pdf og sosi-format som inneheld følgjande data:

- Plassering av busetnad, yttervegg og takkant
- Kantar av køyre- og gangveggar, plassar med belegning
- Murar, skilt
- Anlegg i grunnen (straum, kommunikasjon, VA, kulvertar)
- Kommunaltekniske installasjonar på bakkeplan
- Vassgrøfter, basseng og andre vassanlegg

3 Føresegner til arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Fellesføresegner for bygningar og anlegg

- a) Jordskjeringar og fyllingar på meir enn 1,5 m over opphavleg terreng skal i utgangspunktet unngåast, der det er naudsynt skal ein dele opp gjennom terrassering av terreng.
- b) Alle fasadar, inkludert vindskier, skal målast eller beisast i avdempa jordfargar. Alle bygningar skal vera av tre med ståande eller liggjande kraftig kledning eller laft. Grunnmur skal vere forblenda med naturstein, pussa eller tre. Bygningane skal harmonere med omgjevnadane når det gjeld utforming, materialval og fargeval. Bygningar på same tomt skal harmonere ilag.
- c) Bygg skal plasserast slik at dei ikkje unødig øydelegg utsikt, gjev sjenerande innsyn til eksisterande eller nye hytter, eller på annan måte unødig verkar negativt på det private hyttelivet.
- d) Det skal etablerast to biloppstillingsplassar pr. bueining. Minst ein parkeringsplass

per tomt skal ha høve til lading av el-bil. Parkeringsplassar reknast i utnyttingsgraden i samsvar med rettleiing til grad av utnytting, med unntak av FBF1.

- e) Takkonstruksjonen skal vera saltak med takvinkel mellom 25-34 grader. Det skal vere minst 40 cm takutstikk. Tak skal tekkast med gras, sedum, andre stadeigne planteartar eller trebord som ikkje har ein reflekterande overflate. Framande artar tillatast ikkje på tak.
- f) Solcellepanel på tak er tillete med ikkje-reflekterande overflate (matt-overflate)
- g) Det er høve til å installere solceller med matt overflate på inntil 50% av veggoverflater.
- h) Plassering av avkøyring er synt med piler i plankartet. Punktsymbol «avkøyrslø inn-ut» i plankartet er rettleiande, ikkje juridisk bindande.
- i) Fellesanlegg og felles uteområde skal utformast etter prinsippa om universell tilgjenge.
- j) Det kan monterast maksimalt 3 ljospunkt per frittliggjande fritidsbustad. Ljospunktet skal vera montert på vegg, og ha skjerm slik at berre bygget og det næraste terrenget lysast opp. Ljuskjelder som lyser utover og oppover, samt blendar, er ikkje tillete. Dette gjeld òg ved utbytting av eksisterande ljospunkt. Det er ikkje høve til ljossetting av veg eller parkeringsplass.

3.1.2 Fritidsbusetnad – frittliggjande (FBF)

- a) FBF1 er eksisterande tomter. FBF2, FBF3 og FBF4 er nye tomter. Alle høgder er målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng.
- b) For FBF1, FBF2, FBF3 og FBF4 gjeld: Ein kan etablere inntil 3 frittståande bygg på kvar tomt, organisert kring eit tun. %BYA=25% for kvar tomt, inkl. parkering. Primærbygg skal normalt ikkje overstige BYA 130 m² og total bygningsmasse skal ikkje overstige BYA 160 m². For tomtene T1, T17, T18, T19, T29, T58 og T60 gjeld %BYA=20%, inkl. parkering. Primærbygg skal normalt ikkje overstige BYA 100 m² og total bygningsmasse skal ikkje overstige BYA 130 m².
- c) Felles mønehøgde for FBF: Maksimal mønehøgde for primærbygg er 5,5 m. Maksimal mønehøgde på sekundærbygg på inntil 30 m² er 4,5 m. Maksimal mønehøgde på sekundærbygg på inntil 10 m² er 3,5 m.
- d) Primærbygg skal etablerast innanfor byggegrenser synt på plankartet. Uthus inntil BYA=10 m² kan etablerast utanfor byggegrenser, dersom dei ikkje kjem i konflikt med snøopplag, terrengtilhøve, estetiske tilhøve, eller sårbar natur som myr, våtmark, vassdrag, eldre furu.
- e) Møneretninga skal leggast langs etter høgdekoter i *nytt terreng* etter inngrep. Møneretninga skal følgje regulert møneretning på plankartet der dette synast, med toleranse på 5%.
- f) Mellom verandapilarar skal det stengast mot vilt og beitedyr.

Tabell 3-1: Tomtefordeling i nye utbyggingsteigar

Tomtefordeling	
Område	Tomt
FBF2	20, 21, 22, 24, 25, 26, 37, 63, 64, 67, 68
FBF3	1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 23, 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33, 35, 36, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 51, 52, 53, 54, 55, 56, 57, 58, 59, 60, 61, 62, 65, 66, 70
FBF4	34, 69 (eige krav til etablering av veg, sjå rekkjefylgjekrav)

3.1.3 Utleiehytter (UTL)

- a) Utleiehytter skal vere disponible for utleie i fellesdrift i minst 9 mnd. av året.

3.1.4 Skiløypetrasé (SKI)

- a) Det er høve til grusa sti innanfor føremålet SKI, med inntil 1,2 m breidde.
- b) Det er høve til å etablere ljosanlegg.

3.1.5 Energianlegg (EA)

- a) Området skal nyttast til energianlegg.

3.1.6 Avløpsanlegg (AV)

- a) Ved søknad om tiltak skal ein leggje fram følgjande: Teikningar av alle stasjonar i plan og snitt med tilhøyrande ledningsnett og høgder samt overløpsanordning og utsleppspunkt. Elles skal det vere minimum 0,9 m overhøgde mellom botn sluk i hytter og tilkopla felles leidning.
- b) Det er krav om overvaking av alle avløpsstasjonar og registrering av overløp med automatisk varsling til Vinje kommune for desse.
- c) Ved luktproblem i driftsfasen, skal ein installere luktfjerningsanlegg.
- d) Ved tilkopling av fleire abonnentar til pumpestasjon i AV3 skal kapasiteten til stasjonen greiast ut.

3.1.7 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (SMS)

- a) Det er høve til å bygge landfast bryggjeanlegg med høve til båtfortøying og innfesting av flytebrygge
- b) Det er høve til å etablere naust på inntil $BYA=25 \text{ m}^2$ med mønehøgde på inntil 3,5 m.

3.1.8 Anna uteopphaldsareal (URB)

- a) Det er høve til å opparbeide felles møteplass med opphalds- og leikefunksjonar.
- b) URB1 skal vere leikeareal for born og unge. Det er høve til å etablere leikeapparat av tre med naturlege jordfargar. Det er høve til å arrondere ein akebakke for småbarn. Ein skal syte for at overvatn blir leia ut av området på ein trygg måte. Terreng skal formgjevast for å skape eit godt miljø, som ikkje gjev sjenerande innsyn til private tomter i nabolaget. Arealet skal vegeterast på ein naturlik måte.
- c) Føremålet er felles for alle bueningar innanfor FBF i planområdet.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Køyreveg (KV)

- a) KV1, KV2 og KV3 er eksisterande vegar. Desse er ferdig utbygd, men det er høve til å gjennomføre tiltak utbetring i tråd med ein teknisk plan og til å gjennomføre trafiksikringstiltak.
- b) Køyrevegar skal vere av permeabel dekke.
- c) Det er ikkje høve til vegljøs langs køyrevegar.
- d) Vegggrøfter til KV7 skal ein utforme til å fange opp sivevatn frå tjønn inntil. Vatnet skal ein leie trygt forbi byggjeområda på nedsida ved å føre det oppå VA-grøft i tomtegrense og ut på naturterreng.
- e) Ved overgang over bekk i KV11 skal det etablerast ein overgang som ikkje endrar dagens bekkeløp, og det skal nyttast kulvertdimensjon som minimum har kapasitet til å handtere ein vassføring på 338l/s.

3.2.2 Annan veggrunn – grøntareal (AVG)

Føremålet skal nyttast til vegskulder, grøft og fylling.

3.2.3 Parkeringsplassar (PP)

Føremålet skal nyttast til biloppstillingsplassar.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.3.1 Turveg, (TV)

- a) Turvegar skal tilretteleggjast med eit dekke av grus eller furubark i ei breidde på minst 60 cm, maksimalt 120 cm.
- b) Myr og annan sårbar natur skal ein krysse med kloppar av treverk.
- c) Det er høve til å byggje terrengtrappar av naturstein.
- d) TV 2-6 og TV8 er felles for alle bueiningar innanfor FBF i planområdet.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

3.4.1 Naturformål (N)

- a) Det skal ikkje vere inngrep eller lagring av noko slag innanfor føremålet

3.4.2 Friluftformål (LF)

- a) Det er høve til å gjennomføre tiltak som gagnar friluftsliv og nærrekreasjon, som opparbeiding av stiar, etablering av opphaldsplassar, tilrettelegging for utsikt og aktivitet.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Småbåthamn (VS)

- a) Føremålet skal ein nytte til fortøying av småbåtar.
- b) Det er høve til å etablere flytebrygge med innfesting i SMS.

3.5.2 Naturområde i sjø og vassdrag (FLV)

- a) Vassmiljøet skal ikkje forringast av tiltak
- b) Det er høve til å leggje klopper over bekkar

4 Føresegner til omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisiktsoner (H140)

- a) Det skal ikkje vere sikthindringar på meir enn 0,5 m over tilstøytande vegbane innanfor siktsonea.

4.1.2 Andre sikringssoner, VA-traséar (H190_1)

- a) Omsynssonen syner område, som skal brukast til drikkevass- og avløpsleidningar. Det skal vere minst 4 m avstand mellom bygg og leidningar i bakken.
- b) Naturlege avrenningsdrag på terrengoverflata skal ikkje avskjerast av grøfter. Tiltak mot dette skal dokumenterast i søknad til løyve.
- c) Det er høve til å gjennomføre terrenginngrep i omsynssonen og nytte tilstøytande område på inntil 8 m på kvar side av omsynssonen til mellombels anleggsbelte (anleggsveg, mellombels masselagring). Tiltak skal revegeterast etter avslutta anleggsverksemd.

4.1.3 Andre sikringssoner, luktsone kring avløpsstasjonar (H190_2-4)

- a) Sikringssonea syner område som kan bli råka av lukt ved driftsforstyringar i avløpsnett.
- b) Innanfor luktsonea kan det ikkje oppførast nye fritidsbustader for varig bruk.

4.1.4 Fareområde ras- og skredfare (H310)

- a) Potensielt fareområde for skred, som ikkje er greidd ut for reell fare. Det er ikkje tillate med nye byggetiltak i omsynssonea. Grunnlag for omsynssonea er NVEs aktsemdkart for snøskred (2023) og NVEs aktsemdkart for jord- og flaumskred (2025).

4.1.5 Fareområde flaumfare (H320)

- a) Tiltak innanfor H320 krev dokumentasjon at tryggleiksklasse er oppfylt. Det er høve til å byggje vegar, turstiar og infrastruktur i grøft.

4.1.6 Fareområde høgspenningsanlegg (H370)

- a) Innanfor sone høgspenningsanlegg blir ikkje tillate tiltak som er til hinder for, som kan skada eller ta skade av drift og vedlikehald av energianlegg
- b) Faresone 5x5 m kring nettstasjon
- c) Faresone, høgspenning jordkabel. Næraste bygningsdel 1,0 m.

4.1.7 Omsynssone for bevaring av naturmiljø (H560)

H560_1:

- a) Omsynssonen syner område på 20 m kring viktige lokale vassdrag. Ein skal ta særskilt vare på miljøet i desse områda.
- b) Det er ikkje høve til å bruke omsynssonen til mellombels anleggstiltak.
- c) Det er ikkje høve til å lukke vassdrag eller bruke dei som resipient for drensvatn eller overvatn ført fram i røyr.

H560_2:

- a) Innanfor omsynssone H560_2 skal sikra raudlistearten, knappenålslaven, blanknål.
- b) Omsynssona skal gjerdast inn i anleggsfasen for tiltak inntil.

5 Føresegner til føresegnområde

5.1 Føresegner til føresegnområde (område #1), mellombels masseuttak

- a) Det er høve til å ta ut fast fjell til bruk i tiltak innanfor reguleringsplanens avgrensing.
- b) Massene som vert teke ut må vere egna til dei føremåla dei skal nyttast til.
- c) Sprenging og knusing av stein skal berre skje måndag til torsdag mellom kl. 07.00-17.00 i tidsrommet 02. mai – 15. juni og 15. oktober – 30 november. Det er ikkje tillate med drift fredag, laurdag og søndag, og heilagdagane. Samla driftstid for dette skal ikkje overstige 6 veker. Borerigg og knuseanlegg skal ikkje vere i bruk samstundes for å redusere støypåverknad.
- d) Det er høve til å mellomlagre knuste massar i inntil 10 år frå driftsløyve er gitt.
- e) Avdekkingsmasse inkludert planterestar og stubbar skal lagrast lengst nord og aust i området (innanfor føresegnområde #6) og skal danne ein skjermvoll mot innsyn og støy.
- f) Ved støvplager skal det iverksetjast avbøtande tiltak som for eksempel vatning, salting eller liknande.
- g) Når det er etablert drift i massetaket kan naboar krevje støynivået etterprøvt. Konesjonæren er plikta til å utføre støymåling med hjelp av godkjent desibelmålar og dokumentere støyen ved tillate aktivitet i taket. Ligg støynivået over tillate nivå, jf. Støyrappporten, skal støyreduserande tiltak iverksetjast, ved for eksempel redusert bore-/ knusestøy ved mindre maskinkapasitet, støyskjerming ved kjelda eller støyskjerming ved den skadelidne.
- h) Uttaksområdet skal til ein kvar tid vere forsvarleg sikra.
- i) Avdekkingsmasse som er nytta til skjermingsvoll skal nyttast til naturleg arrondering mellom byggjegransene og området skal få eit naturleg utformingspreg. Innanfor byggjegransar skal terrenget planerast i samsvar med krav til planeringsnivå.

5.2 Føresegner til føresegnområde (område #2), vegutbetring

- a) Køyrevegen i føresegnområdet skal få utjamna stigning til maksimalt 10%. Breidde på køyrebane og skulder skal til saman vere på minst 4,0 m.
- b) Tiltaket skal vere ferdigstilt før igangsettingsløyve for bygningstiltak kan gjevast for tomter T22, T24, T 25, T26, T29, T30, T31, T32, T33, T37, T63, T64, T65, T66, T67 og T68.

5.3 Føresegner til føresegnområde (område #3), fangdam/sedimenteringsbasseng

- a) Innanfor område skal det etablerast eit anlegg for reinsing av finstoff i overflatevatn og driftsvatn, t.d. sedimenteringsbasseng/fangdam for å sikre mot avrenning av slamhaldig overflatevatn til vassdraget. Under drift har konsesjonæren ansvar for vedlikehald, tømning av slamlaguna ved behov og levering til godkjent deponi.

5.4 Føresegner til føresegnområde (område #5), naturleg skjerming

- a) Eksisterande vegetasjon i LF i føresegnområdet skal bevarast som naturleg skjerming for uttaksområdet.

5.5 Føresegner til føresegnområde (område #6), skjermingsvoll

- a) Føresegnområde skal nyttast til skjermingstiltak. Avdekka toppmasser frå mellombels massetak skal leggjast opp som skjermingsvoll mot uttaket. Etter Vinje kommune Side 6/6 avslutta drift skal skjermingsvoll brukast til revegetering av området for mellombels massetak (føresegnområde #1).

6 Rekkefølgjeføresegner

6.1 Før rammeløyve

- a) Dokumentasjonskrav skal vere godkjent.

6.2 Før igangsetjingsløyve

- a) Dokumentasjonskrav skal vere godkjent
- b) Køyretilkomst til omsøkt tiltak innanfor FBF skal vere etablert.
- c) Føresegnområde #6 skal vere opparbeidd før ein setje i gang bygningstiltak på tomtene T22, T24, T25, T26, T29, T30, T31, T32, T33, T37, T63, T64, T65, T66, T67 og T68.
- d) Før fritidsbustader utanfor planområdet kan knyte seg til VA-anlegget og pumpestasjonen, skal restkapasitet på VA-anlegget greiast ut.
- e) For tomt T69 skal det søkjast om etablering av tilkomstveg og tilkomstvegen til tomt T69 skal ikkje påverke vassbalansen i myra eller vasspegelen slik at den økologiske kvaliteten blir forringa. Tilkomstvegen skal fyllast opp og det skal nyttast geoduk eller likande. Det er ikkje tillate å masseutskifte eller grøfte myra.

6.3 Før bruksløyve

- a) Dokumentasjonskrav skal vere oppfylt til ferdigattest. Sakshandsamar kan krevje tilsvarende dokumentasjon ved søknad om mellombels bruksløyve.
- b) Bueiningar skal vere tilkopla vatn- og avlaup i samsvar med krav til funksjon.
- c) Hydrant for brannsløkking innanfor 250 m frå tiltaket innanfor FBF2, FBF3 og FBF4 skal vere etablert i samsvar med teknisk plan.

6.4 Tursti og uteoppaldsområde

- a) Tursti i TV2 og TV9 skal vere etablert når det er gjeve byggeløyve for 30 tomter innanfor FBF2, FBF3 og FBF4.
- b) Tursti i TV4 og uteoppaldsområde i URB1 skal vere etablert, før ein kan gjeve bruksløyve for tomtene T23, T27, T28 og 38-46.

- c) Tursti i TV3 og TV6 skal vere etablert, før ein kan gjeve bruksløyve for tomtene T29, T30, T31, T33 og T66.

6.5 Mellombels massetak

- a) Før konsesjonspliktig uttak av masse i føresegnområde #1 mellombels massetak kan setjast i gang, skal det vere etablert eit anlegg for reinsing av finstoff i overflatevatn og driftsvatn, t.d. sedimenteringsbasseng/fangdam i føresegnområde #3. Dette gjeld òg sandfang og oljeutskiljar ved oppstillingsområde for anleggsmaskiner. Det skal også vere på plass eit anleggstiltak for å sikre at køyretøy ut av området ikkje dreg med seg finstoff.
- b) Arealet nytta til mellomlagring av knuste masser skal opphøyre når etablering av veg og tomter er ferdigstilt.

Handsaming

Varsel om oppstart	16.04.2021
1. gongs handsaming i PMU	29.10.2025, sak 113/25
Høyring og offentleg ettersyn i tidsrommet	12.01.2026-03.03.2026
2. gongs handsaming i PMU	
Endeleg vedtak i kommunestyret	